

Mykje folk på utstillingsopning i kveld.

25.05.2017



Jorunn Larsen (1983) frå Fitjar, bur på Seimsfoss, stiller ut 18 bilete på OSKA.

Det var godt frammøte og stor interesse for Jorunn Larsen og hennar utstilling på OSKA i kveld. Ho kallar seg sjølv ein introvert person som ofte seier nei til å delta i sosiale samanhengar. Med tilsaman 18 motiv står ho i kveld fram og vil ha fokus på dei små augneblinkane, det å stoppa opp og gje seg tid og finna det som ligg bak det vakre og storslagne med naturen i Kvinnherad.

Jorunn Larsen (f. 1983), som mange kjenner som fotograf og frilansjournalist, kjem frå Fitjar. Ho bur på Seimsfoss og har utdanning i estetiske fag og design. Frå hausten av held ho fram studier i kunstfag ved Universitetet i Bergen. Jorunn har eit namn i Kvinnherad, mellom anna frå media og frå ulike festivalar. Ho har eit stort nettverk frå inn- og utland, noko som kom klart fram på opninga i kveld.



Dei 18 bileta kan delast i to seriar, 5 fargemotiv og 13 bilete i svart/kvitt.

Om seg sjølv seier ho at ho vil vera ein historiske forteljar. Jorunn brukar kamera som eit verkty for å utforska nærmiljøet, medmenneska og seg sjølv. Ho er nyfiken og likar å finna det visuelle i ulke tema.

Dei 18 bileta er frå 2014 og fram til i dag og alle motiva og modellane er henta frå Kvinnherad. Utstillinga kan delast i to seriar,- 5 fargemotiv og 13 motiv i svart/kvitt. Fargemotiva har tittelen It`s personal, det å vera åleine. Ho vil få fram at det å vera åleine ikkje er synonymt med å vera einsam. Vi treng alle finna tid for oss sjølve, også for å skapa og få fram det beste i oss.

Jorunn Larsen er ein prislønt fotograf. Ho vart hausten 2015 tildelt Leif Preus sin pris for beste portrett. Eit år seinare fekk ho Vågaprisen under Morten Krogvold Workshop, forum 1.

På ustillingsopninga vart det servert smakebitar frå sommarmenyen på restauranten. Roy Lervåg er godt nøgd med at Jorunn Larsen valde OSKA som arena. Mange har mykje å sjå fram til både på mat- og kunsfronten ved å ta turen til Uskedalen i sommar.

Uskedalen.no kjem tilbake med innlegg frå jazzkonserten, som starta straks etter utstillingsopninga.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Roy Lervåg og kunstnaren Jorunn Larsen var begge godt nøyde med frammøte og den store interessa på opninga i kveld.